



ÅRSMELDING FOR ÅLESUND ARBEIDERPARTI 2023

1. Medlemstal 2023

Medlemmar pr. 31.12.21: 247

Medlemmar pr. 31.12.22: 251

Medlemmar pr. 31.12.23: 261

(*Haram lokallag er ikkje medrekna i nokon av åra)

Ålesund Arbeiderparti har desse lokallaga pr. 31.12.2023:

Ålesund Arbeidersamfunn: 176 medlemmar

Skodje Arbeiderpartilag: 44 medlemmar

Ørskog Arbeiderpartilag: 26 medlemmar

Sandøy Arbeiderpartilag: 11 medlemmar

Aps studentlag i Ålesund: 4 medlemmar

2. Samansetnad av styret 2023

Styret etter årsmøtet 2023 utgjorde:

Leiar Anne Berit Støyva Emblem

Nestleiar Odd Bertil Yksnøy

Styremedlem Henriette Bryn, kasserer

Styremedlem Gjermund Kvernmo Langset

Styremedlem Åse Kristin Ask Bakke

Styremedlem Jack Narve Sæter

Styremedlem Laurits Funch

Styremedlem Marianne Hoem

Styremedlem Torill Leganger

AUF-representant Johannes Walderhaug

1. varamedlem Daniel Pour

2. varamedlem Mette Giørtz Michaelsen

3. varamedlem Jan Ove Longvastøl

4. varamedlem Svein-Rune Johannessen

Tiltredande til styret:

Gruppeleiar Geir Ove Leite og ordførar Ap Eva Vinje Aurdal fram til 31.12.23

Lokallagsleiarar partilaga:

Arbeiderpartiets studentlag i Ålesund: Torjus Levisen Johansen

Skodje Arbeiderpartilag: Rolf Liebich

Ålesund Arbeidersamfunn: Marianne Hoem (også styremedlem)

Ørskog Arbeiderpartilag: Odd Bertil Yksnøy (også nestleiar)

Sandøy Arbeiderpartilag: Åse Kristin Ask Bakke (også styremedlem)

3. Styrets arbeid: Styremøte og uttalar

Det har i årsmøteperioden vore til saman *sju styremøte*, fem i 2023 og to på nyåret 2024. Datoane for møta var 15.3., 11.5., 25.9., 2.10., 31.10., 15.1.24 og 5.2.24. Det har vert mogleg å delta på styremøta via teams.

Det er i tillegg helde *ni møter i valkamputvalet*, der mange av styremedlemmane var medlemmar: Datoane for møta var 5.1., 27.2., 30.3., 19.4., 3.5., 30.3., 7.6., 21.6., 27.7.. Det var ikkje møter i august og september. Det var svært mange møter i arbeidsgr. for sosiale media, materiell, budskap.



Følgande 11 uttalar vart vedtekne på årsmøtet og sendt fylkesårsmøtet 20. mars 2023:

- Etablering av dagaktivitetsplasser og døgnavlastning for demente
- Gratis skolemat
- Havvind-satsing og konsekvensene for livet i havet
- Læringsplasser og Vg3 fagopplæring
- Realisere lukka oppdrettsmerder
- Språkleg rettferd i skolen
- Statlige bevilgninger for tilrettelagte boliger via Husbanken
- Stopp flukta frå viktige helsefagmiljø – staten må betre rammevilkåra for sjukehusa!
- Styrking av voksen-psykiatrien
- Øke tilskudd til barne- og ungdomspsykiatrien til helseforetakene
- Økt boligtilskudd til kommunene for at flere skal få mulighet til å eie egen bolig.

4. Styrets arbeid: Arrangement etc. i perioden

Medlemsmøte, skoloring og viktig valkampaktivitet

I 2023 har partiet først og fremst prioritet valkampaktivitet fram til september 2023.

Dato	Møtestad	Arrangement for listekandidatar
4. mars	Spjelkavik BS	1. kandidatsamling kommunestyrelista
24. april	Kolvikbakken US	2. kandidatsamling kommunestyrelista

Dato	Møtestad	Arrangement for alle medlemmar
8. mars	Rådhusplassen	Markering med appellar og tog den internasjonale kvinnetdagen, deretter deltok mange på kvinnehelsekonferanse
1. mai	Skodje	1.maifrokost på Jentekolonien. Arbeids- og inkluderingsminister Marte Mjøs Persen talte.
12. juni	Spjelkavik BS	Åpent medlemsmøte: God helse og omsorg hele livet i Ålesund kom. Kommunalsjefen for Helse, Synnøve Vasstrand Synnes og Ap-politiker Svein-Rune Johannessen innleia.
17. juni	Ålesund sentrum	Ålesund Arbeiderparti deltok i Prideparaden med eiga gruppe, og hadde stands saman med AUF i forkant. Ordfører og fylkesordførar deltok.
12. august	Parken kulturhus	Valkampåpning Parken kulturhus. Kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery talte.
24. august	Teaterfabrikken	Sosialistkveld med SV. Ordfører Eva, partisekretær Kjersti Stenseng og LO-leder Peggy Hessen Følsvik deltok.
11. sept.	PIR	Valvake på PIR
2. oktober	Spjelkavik US	Medlemsmøte: Val av partiets kandidatar til formannskapet og andre kommunale styre, utval og råd
4. desember	Ålesund rådhus	Medlemsmøte: Budsjett 2024, Økonomi- og handlingsplan 2024-2027 for Ålesund kommune
10. feb. 24	Spjelkavik US	Årsmøte 2024



Viktige saker som styret (og valkamputvalet) har jobba med gjennom året

- Hovudsak: Valkamp planlegging og gjennomføring
- Kontinuering av ny kommunestyregruppe
- Kommunebudsjett
- Kommunedeling

Statsråder og stortingsmedlemmer besøk i Ålesund

- **24. januar helseminister Ingvild Kjerkol**
Fagsamling innan Arbeiderpartiet om helsepolitikk
- **1. mai arbeids- og inkluderingsminister Marte Mjøs Persen**
Heising av flagg på rådhusplassen, besøk på Aspøy omsorgssenter, besøk på Ålesund politistasjon og Ålesund brannvesen, deretter opent frukostarr. på Jentekolonien på Skodje
- **2. mai næringsminister Jan Christian Vestre**
Presentasjon av Nasjonal eksportsatsing for maritim sektor
- **8. august september fiskeri- og havminister Bjørnar Skjæran**
Debatt om kystpolitikk og sjøtransport med Arbeiderpartilaga på Sunnmøre
- **12. august kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery**
Valkampåpning på parken Kulturhus, Ålesund sentrum og Laav-fest i Spjelkavika
- **24. august partisekretær Kjersti Stenseng**
Helsenæring og velferdsteknologi på NMK, helsestasjon for eldre Spjelkavik
- **5. september fiskeri- og havminister Bjørnar Skjæran**
Besøk Ålesund vgs, Bluefish-messa, stands på Moa
- **6. september AUF-leiar Astrid Willa Eide Hoem**
Stands på NTNU
- **7. september miljø- og klimaminister Espen Barth Eide**
Stands NTNU, besøk friluftsrådet, besøk drikkevasskjelda Brusdalsvatnet
- **7. september LO-bussen og Peggy Hessen Følsvik**
Arrangement i Ålesund sentrum
- **7. oktober fiskeri- og kystminister Cecilie Therese Myrseth**
Besøkte Kystverket, NMK og Verftskonferansen
- **8. januar: Stortingspolitiker Anniken Huitfeldt**
Besøkte DÅS og reiselivssjefen, ÅKP og Fiskerstrand Verft
- **23. januar 2024 næringsminister Jan Christian Vestre**
Besøkte næringsforeninga i Ålesundsregionen

Stortingspolitiker Åse Kristin Ask Bakke frå Ålesund har delteke på svært mange av statsrådbesøka, markeringane og valkampaktiviteten som er omtalt i årsmeldinga. Stortingspolitiker Per Vidar Kjølmoen er også godt synleg i Ålesundsregionen og deltek på viktige arrangement.

Markeringar

- **Markering av den internasjonale kvinnedagen 8. mars**
Ålesund Arbeiderparti saman fleire andre parti og Amnesty International
- Folkemøte, innspelsmøte 13. april og 20. juni Kirkens bymisjon: Barnefattigdom i Ålesund
- **Markering 13. april Ålesund by 175 år**
- **The North West 26. april**
- **Markering 1. mai**
Roseaksjon i heile kommunen med utdeling av 90 bukettar til folk på jobb 1. mai.
1. maiarrangement på Jentekolonien med tidlegare arbeidsministeren som gjest, arrangør Skodje Arbeiderpartilag. 1. maiarrangement og 1.-maitog i Ålesund sentrum i regi av



1. mai komiteen i Ålesund (LO Ålesund og omland). Det vart også lagt ut bilete frå roseaksjonen på Facebooksida og sendt helsing til medlemmane.

- **8. mai og 17. mai:** Arbeiderpartiet ved kommunestyregruppa deltok i markeringa av 8. mai og i 17. maitoget i Ålesund sentrum.
- **Ålesund Pride 17. juni**
Ålesund Arbeiderparti deltok i Prideparaden med eiga gruppe, og hadde stands saman med AUF i forkant. Ordførar og fylkesordførar deltok. Alle medlemmar inviterte.
- **Markering 22. juli**
Markeringa vart gjennomført ved minnesmerket ved Spjelkavik kyrkje, nedlegging av blomster. Alle medlemmar inviterte.
- **Solidaritetsmarkeringar med Ukraina og med Gaza**
Ålesund Arbeiderparti har delteke på fleire markeringar i Ålesund sentrum mot krigen i Ukraina og folkemordet i Gaza.
- **Desember: Frelsesarmeen Julegryta**
Ålesund Arbeiderparti deltok i innsamling/som grytevakt også i år

5. Valkamp 2023

Partiprogram, kandidatprofilering, digitalt arbeid, media

Partiprogrammet vårt 2023-2027 «Ei region for framtida» ([lenke](#)) vart lansert på Ålesund Arbeiderparti si nettside i slutten av juni 2023. Det er eit fyldig og svært godt gjennomarbeida partiprogram på 10 sider og 7 temaområde. Det vart utarbeidd ein kortversjon av programmet, ei brosjyre «Slik bygger vi Ålesund» og kandidatbrosjyrer som vart delt ut på stands og i alle postkasser.

Vi har hatt svært god aktivitet på Facebooksida og Instagram i valkampen.

Alle kandidatane på vallista vår vart presenterte på nettsida til Ålesund Arbeiderparti og i eiga kandidatbrosjyre. Vi hadde også lokale kandidatbrosjyrer i fleire av kommunedelane og ei arabisk utgåve av kortprogram.

Ålesund Arbeiderparti, ordførarkandidaten og fleire av kandidatane var svært synlege i media med ulike saker i valkampen. Det var også mange lesarinnlegg og saker vi fekk på trykk i media. Ordførarkandidaten hadde eiga facebookside som var aktivt bruk heile året både med bilder, deling av saker og med reels:

SOME: Postane vi la ut på ordførarkandidatsida hadde gode treff, dei blei til saman vist 300 000 gongar til ca. 50 000 personar (65% busett i Ålesund). Ålesund Arbeiderparti si Facebookside hadde ca. 50 000 visningar og nådde ca. 21 000 personar. Instagramprofilen nådde 1 400 personar med ei rekkevidde på ca. 6000. Den høge rekkevidda skuldast høg innleggsfrekvens.

Vi hadde totalt 15 digitale annonser som vi la ut sjølve med spissa budskap mot eit utvalt publikum. Rekkevidda på annonsane var 11 000 menneske, 68% var instagramstory annonser. Vi kjøpte også fleire ulike media annonser i nettaviser, papiraviser og på podcastar. Vi hadde også plakatar i busskur og nokre vindu i sentrum.

Kommunepartiet kjøpte ein valkamphengar til bruk i heile kommunen. Vi delte ut 8000 roser.

Ålesund var ein av 34 prioriterte kommunar frå Arbeiderpartiet sentralt i valkampen, vi fekk støtte til annonsekampanje og fekk fleire besøk frå sentralt.



Valkamp 2023 – aktivitetar/stands

- 10. juni: Stands Ålesund Maraton (Henriette, Ove, Mette, Geir Ove, Kristina, Sagvan, Sindre, Anne B.)
- 15. juni: Markering spaden i jorda på ny barneskole på Hessa (Eva, Henriette, Anne Berit)
- 16. juni: Stands Digernes (Geir Ove, Anne Berit)
- 17. juni: Ålesund Pride, både stands og gruppe i Prideparaden - mange
- 20. juni: Folkemøte om barnefattigdom i Ålesund, Terminalen, Nora deltok i debatten
- 21. juni: Kulturytring (Drammen) for å fremme Ålesunds satsing som kulturby (Anne Berit, Åse Kristin)
- 2. august: Norwaycup, samtale utd.minister Brenna og kulturminister Jaffery (Anne Berit, Åse Kristin)
- 4.-5. august: Stands Sjøholt (Arne, Odd Bertil, Geir Ove, Anne Berit) og sentrum (Nora, Marianne, Laurits, Henriette, Anne Berit)
- 5. august: Les for oss på biblioteket (Anne Berit)
- 11. august: Stands Spjelkavika (Fridgeir, Anne Berit) og Skodje (Geir Ove, Tove, Arve Berg)
- 12. august Valkampåpning! Alle. Skodje sentrum ettermiddag (Tove, Arve)
- 14. august: Stands Ellingsøya (Jack, Henriette)
- 16. august: Arendalsuka deltok debatt Åles. skolebyggsatsing, Stad Skipstunnel (Anne B, Åse Kristin)
- 18. august: Stands Moa (Sagvan, Geir Ove, Anne Berit) og Klokkersundet (Henriette, Ove)
- 19. august: Stands Vikadagen Spjelkavik (Åse Kristin, Tove, Fridgeir, Johannes, Geir O., Anne B, Torjus) og stands sentrum (Marianne, Kristin, Henriette, Nora, Ove) og på Moa (Johannes, Kristina, AUF)
- 23. august: Stands Flisnes (Ann Cathrin, Anne Berit)
- 24. august: Sosialistkveld med SV på Teaterfabrikken - mange
- 25. august: Markering Ny brannstasjon på Steinshamn (Henriette, Åse Kristin) og markering byggestart for Osane hallen (Eva, Anne Berit)
- 24. aug.- 9.sept: Stands på Moa kvar dag siste 14.dager (Sagvan)
- 24.-26. august: Stands Matfestival (Nora, Jack, Henriette, Daniel, Sindre, Sagvan, Anne Berit, Torjus, Laurits, Tove, Johannes, Fridgeir, Geir Ove)
- 26. august: Stands Moa og Flisnes (Sagvan, Anne Berit, Rønnaug)
- 28. august: Stands Aspøya (Henriette, Daniel, Fridgeir), stands Larsgården (Laurits, Anne Berit)
- 29. august: Stands Digernes og Moa (Sagvan, Ove, Laurits, Geir Ove, Anne Berit)
- 1. september: Stands Skodje (GeirO, Kjell H, Karethe, Jan Ove, Arve), Flisnes (Rønnaug Mork, AnneB)
- 2. september: Stands Sentrum, Moa, Digernes (Henriette, Sindre, Mette, Kristin, Laurits, Marianne, Nora, Ove, Sagvan, Anne Berit, Geir Ove, Arne Abelse, Rolf, Kjell Haukeberg, Sven Ivar Skodjevåg)
- 5. september stands Moa med Skjæran (Åse Kristin, Anne Berit, Sagvan, Fridgeir, Torjus, Daniel)
- 6. september: Stands NTNU med AUF-leder Astrid Hoem (Torjus, Daniel, Anne Berit)
- 6. september: Folkefest i byen, Statsråd Lehmkuhl (Tove, Fridgeir, Henriette, Anne B., Sagvan, Torjus)
- 7. september: Stands NTNU med miljøvernministeren (Torjus, Henriette, Anne Berit)
- 7. september: LO-bussen i Ålesund sentrum – alle. Stand Ellingsøya (Jack, Geir Ove, Tove, Nora)
- 8. september: Stands Sjøholt (Odd Bertil, Tove, Arne), sentrum (Torjus, Henriette), Skarbøvika (Sindre), Blindheim (Svein-Rune, Anne Berit)
- 9. september: Stands Flisnes/ Blindheim (Svein-Rune, Daniel, Ann Catrin, Anne Berit, Rønnaug) og stands sentrum (Marianne, Laurits, Mette, Ove), Skarbøvika (Sindre), Spjelkavik, Moa (Sagvan, Fridgeir, Anne Berit)

6. Ålesund Arbeiderparti sin representasjon i ulike organ

Stortinget: Åse Kristin Ask Bakke frå oktober 2021, medlem i familie- og kulturkomiteen og idrettspolitisk talsperson for Arbeiderpartiets stortingsgruppe

Ordførar i Ålesund kommune fram til 31. desember 2023: Eva Vinje Aurdal frå oktober 2015 i to kommunestyreperiodar. Ho stilte ikkje til gjenval i 2023.



15 utsendingar til fylkesårsmøtet mars 2023:

Anne Berit Støyva Emblem (delegasjonsleiar), Nora Morken Farstad, Henriette Bryn, Torill Leganger, Kristin Evjen, Hanne Kjerstad Andersen, Anne Berte Hareide, Tale Isaksen (AUF) Geir Ove Leite, Odd Bertil Yksnøy, Jack Narve Sæter, Daniel Pour, Torjus Levi Johansen, Fridgeir Walderhaug, Sagvan Fathi

Under fylkesårsmøtet fekk Anne Berit tildelt Egil Ekhaugens pris for godt organisasjonsarbeid.

Tre medlemmar i MRAP sitt representantskap:

- Leiar Anne Berit Støyva Emblem – vara Henriette Bryn
- Nestleiar Odd Bertil Yksnøy – vara Gjermund Kvernmo Langset
- Gruppleiar Geir Ove Leite – vara Sindre Nakken

MRAP sitt styre: Åse Kristin Ask Bakke, Geir Ove Leite (2. vara)

Kvinnenettverket MRAP styret: Nora Morken Farstad

Strategisamling i Arbeiderpartiet på landsbasis: Januar 2023: Åse Kristin, Torjus, Sindre, Anne Berit, oppfølging november 2023: Anne Berit

Landsmøtedelegatar mai 2023 frå Ålesund: Åse Kristin Ask Bakke, Geir Ove Leite, Anne B. S. Emblem

Fylkestinget

Fram til september 2023	Frå oktober 2023
Eva Vinje Aurdal (samferdsleutval) Jack Narve Sæter (samferdsleutval)	Geir Ove Leite (fylkesutval, samferdsleutval) Anne Berit Støyva Emblem (vara nærings- og kompetanseutval, nestleiar KS-styre Møre og R.) Jack Narve Sæter (vara samferdsleutval)

Kommunestyregruppa

Fram til 31.desember 2023 (16 av 77 faste):	Frå oktober 2023 (7 av 47 faste):
Kommunestyregruppa faste medlemmar: Eva Vinje Aurdal (ordførar), Geir Ove Leite (gruppeleiar), Svein-Rune Johannessen (formannskapsmedl.), Siv K. Ulla, Anne Berit Støyva Emblem, Sindre Nakken, Torill Leganger, Daniel Pour, Henriette Bryn, Nora Morken Farstad, Tove Nygård, Ove Økland, Sagvan Fathi, Njål Bele, Sigmund Haugen, Emil Korsnes (Ulla og Korsnes tilhører no Haram kommune)	Kommunestyregruppa faste medlemmar: Anne Berit Støyva Emblem (gruppeleiar og formannskapsmedlem), Sindre Nakken (formannskapsmedlem), Geir Ove Leite, Henriette Bryn, Svein-Rune Johannessen, Sagvan Fathi, Tove Nygård. 1. og 2. vara: Ove Økland, Nora Morken Farstad
Komitéleiarar og kommunale styreleiarar: Leiar oppvekstkomité Anne B. Støyva Emblem, leiar helse- og velferdskomité Siv Katrin Ulla, styreleiar Ålesund Kommunale Eiendom (ÅKE) Henriette Bryn, utval kommunedeling Ålesund Anne B. Støyva Emblem og Haram Siv Ulla, styreleiar Ålesundregionens Havnevesen (ÅRH) Sindre Nakken, styreleiar 110-sentralen Torill Leganger, leiar kommunedelsutval Nørve/Ålesund sentrum: Laurits Funch, nestleiar kommunedelsutval Ellingsøy: Jack Sæter, leiar klagenemnda: Torill Leganger	Utvalsmedlemmar etc. 2024: Planutval: Sindre Nakken, Tove Nygård Kultur- og oppvekstutval: Henriette Bryn, Sagvan Fathi Helse- og omsorgsutval: Ove Økland Utval teknisk/miljø/samferdsel: Anne Berit S. Emblem, Geir Ove Leite Eigarskapsutvalet: Anne B. S. Emblem Kontrollutval: leiar Svein-Rune Johannessen Arbeiderpartiet har ni faste representantar i kommunedelsutvala 2024-2027.



7. Økonomi

Saldo ved årsskiftet er kr. 138 558,07. Kommunepartiet har brukt oppsparte midlar i kommunevalet.

Økonomien i 2023 har vert farga av:

- Valkamp. Årsmøtet vedtok et budsjett der det var satt av 500 000 til dette, og det ble brukt om lag 450 000. (Nokre fakturaer blir betalt i 2024)
- Auka møtekostnader i samband med ei opprydding i utjamning av møtekostnader i samband med årsmøtet for fylkespartiet.

Styret vil påpeike at partiskatten (5 % av brutto inntekt på godtgjering av off. verv) er ei viktig inntektskjelde, og utgjorde i 2023 kr 95 215 og (2022 utgjorde den 104 379 kr). Nokre innbetalningar kjem i 2024.

Partikassa er svekka med kr 227 027,36 i løpet av 2023.

Regnskapet er revidert og godkjent utan merknad.

Utover dette vert det vist til budsjett og rekneskap for 2023 (resultatregnskap og balanse).

Ålesund, 5. februar 2024

Anne Berit Støyva Emblem

Odd Bertil Yksnøy

Henriette Bryn

Åse Kristin Ask Bakke

Gjermund Kvernmo Langset

Jack Narve Sæter

Laurits Funch

Marianne Hoem

Torill Leganger

Årsmelding Ålesund AUF 2023

Ålesund AUF har i 2023 samme som i 2022 vært preget av oppstart etter covid, noe som har gjort at vi ikke har oppnådd et så stort aktivitetsnivå som ønskelig. Styret har i tillegg vært preget av bort flytende styremedlemmer og endring i skolesituasjoner og jobb. Dermed har styret ikke fått tiden til en tilstrekkelig kommunikasjon eller avholdt skikkelig møter i den grad vi ønsket. AU (leder og nestleder) har diskutert måter for å øke aktiviteten opp mot medlemmer, men likevel har vi fått arrangert og deltatt i en rekke arrangementer.

Tidlig på året deltok en gjeng fra Ålesund på både årsmøtet til Møre og Romsdal AUF i februar, årsmøtet til Ålesund AP og fylkes partiets årsmøte i mars. Leder og nestleder deltok også på debattskolering i Bergen i regi av AUF nasjonalt i starten av april. 5 av oss deltok også på Utøya der vi fikk arbeidet fram nestleder Svein-Ivar som bussjåføren ned til øya. I samarbeid med Fjord, Søre sunnmøre og Molde AUF arrangerte vi harry potter maraton på spjelkavik vgs.

Medlemmer fra AUF har også deltatt i valgkampstands i Ålesund og på skoledebatter på videregående skoler.

AUF i Ålesund hadde 50 medlemmer den 24.01.2024 med 11 støttemedlemmer og 39 ordinære medlemmer.

Johannes Walderhaug

Leder Ålesund AUF



Ålesund Arbeidersamfunn

Årsmelding for styret i Ålesund Arbeidersamfunn perioden 2023-2024

Styret

Styret har i følgende periode bestått av.

Leder: Marianne Hoem

Nestleder/studieleder: Sagvan Fathi

Kasserer: Britt Roald Nesvik

Sekretær: Laurits Funch

Styremedlem: Svein Ivar Sætre

Varamedlemmer:

Gro Nærø

Kristin Evjen - Kvinnekontakt

Nora Morken Farstad

Jan Martin Hågensen (konstituert Februar 2023)

Styremøter

Det har blitt avholdt 6 styremøter i perioden. Styret har behandlet 29 saker.

Styret har hatt fokus på følgende saker.

- Valgkamp
- Nasjonal transportplan vedr. E 39 veistrekningen langs Brisdalsvannet

Medlemsmøter/aktiviteter

- 6 juni ble det arrangert temakafe på kafe Vinni på Kremmergaarden i samarbeid med Ålesund SV, tema var Nasjonal transportplan 2025-2036 med fokus på veistrekningen langs Brisdalsvannet.

Det var 2 medlemmer tilstede utenom styret. Innledere var Kristin Sørheim, leder av samferdselsutvalget i fylket, Håvard Austvik, seniorrådgiver Statens veivesen og Torill Myklebust, seniorrådgiver VAR Ålesund kommune.
- I ettertid ble det sendt inn et svar til høring vedrørende transportplanen, der veistrekningen langs brisdalsvannet ble i fare for å bli tatt ut.
- Under valgkampen har samfunnet vært godt representert på stands, postkasseaksjoner og roseaksjoner.



Ålesund Arbeidersamfunn

- 22. november arrangerte samfunnet medlemsmøte med tema: Orientering om valgkampen, veien videre for partiet i opposisjon og budsjett for Ålesund kommune i kommende år.

Innledere var Anne Berit Støyva Emblem og Daniel Pour.

14 medlemmer møtte.

Medlemsinfo

Informasjon om møter og medlemsbrev har blitt gitt til medlemmer gjennom mail, SMS og på facebook siden til samfunnet.

Medlemstall/verving

Pr. 09.01.24: 176 medlemmer, hvorav 12 nye medlemmer.

Verv

- Leder har vært styremedlem på Ålesund Arbeiderparti sine styremøter.
- Nestleder var medlem i kommunestyret
- Sekretær har vært styremedlemmer i Ålesund Arbeiderparti.
Og har hatt verv som leder i Nørvøy, Nørvasund og Hatlane kommunedelsutvalg.

For styret i Ålesund Arbeidersamfunn 09. januar 2024

Laurits Funch

Sekretær Ålesund arbeidersamfunn



Årsmelding frå kommunestyregruppa til Ålesund Arbeiderparti 2023

2023 er det siste året i denne fireårsperioden og den blei avslutta like spesielt som det første året. I 2019 hadde vi i perioden september – desember seks kommunestyre (eitt i kvar av dei fem kommunane Ålesund, Haram, Skodje, Ørskog og Sandøy og eit for nye Ålesund. Der fem kommunestyre skulle avvikle den gamle kommunen, og det nye førebu den nye kommunen. I 2023 har vi hatt tre kommunestyre, Ålesund 2019, Ålesund 2024 og Haram 2024 (dei to siste vart konstituerte 26. oktober 2023). Vi 16 faste representantane i Ålesund kommunestyre 2019 har vore med på ein prosess med kommunesamanslåing og kommunedeling som ingen andre i Kommune-Norge har opplevd sidan 70-talet.

Kommunedeling blei difor også den dominerande saka i 2023. Januar starta med at vi allereie 5. januar hadde eit ekstraordinært kommunestyremøte pga av det var uklart om vi fekk dekt kostnadane ved kommunedeling. Dette førte til at vi i eit nytt kommunestyremøte 26. januar stoppa arbeidet med kommunedeling. Etter kvart fekk vi positivt signal frå regjeringa om at arbeidet med kommunedeling blei dekt. Det at regjeringa, og for vår del Arbeiderpartiet sentralt, heile tida var på etterskot førte til stor frustrasjon i gruppa. I denne saka har Ap si gruppe vore delt, der to av gruppa heile tida har vore tydeleg på at dei ønskte at Haram skulle få bli eigen kommune. Men sjølv om vi har vore ueinige i denne saka har vi akseptert kommunedeling og stått samla for å få ei god skilsmisse. Vi er nabokommunar og må også samarbeide i framtida både for å få merksemd nasjonalt og på fylket.

Økonomi og omstilling var også sentralt i 2023. Vi vil i den samanhengen vise til årsmeldinga frå i fjor. *Vi ser at omstillingane begynner å få verknad, men vi veit ikkje om vi hamnar på Robek eller ikkje. Det at vi som største parti og sit med ordføraren i denne prosessen har vore utfordrande fordi det er vi som har fått størst merksemd. Kommunestyregruppa har likevel stått samla og tatt ansvar sjølv om vi har nedprioritert og utsett viktige saker.* Etter årsmøtet i fjor fekk vi årsresultatet for 2022. Det viste at vi hadde tatt inn underskotet frå 2020 og samtidig fekk vi eit lite overskot som vi kunne overføre til disposisjonsfondet. Vi hamna ikkje på Robek i 2023.

Tre viktige prosjekt blei igangsett i 2023 og det var Osane idrettshall, Hessa barneskole og Eidet skule. Det er tre byggeprosjekt som var viktige for dei gamle kommunane Ålesund og Haram og vi ser fram til å sjå dei ferdige bygga som vil få store positive ringverknadar for Hessa, Skarbøvika, Aspøya, Vatne og Tennfjord.

Andre sentrale saker som har vore viktige vil vi nemne Kongshaugstranda (Kvasneset) avløpsreinseanlegg, Trafikkløysing Ålesund sentrum (kollektivterminal) og sørsida. Dette er viktige prosjekt for å utvikle Ålesund vidare. Kongshaugstranda og trafikkløysing var saker som var sentrale under valkampen og som den nye posisjonen vil ha omkamp på. Kva som blir den endelege konklusjonen er ikkje avklart, men for kommunestyregruppa til Arbeiderpartiet har dei stadige omkampane vore frustrerende for det politiske arbeidet

I 2023 hadde kommunestyret (Ålesund 2019) 10 møter og det blei behandla 171 saker. I tillegg sit alle kommunestyremedlemmane i ein kommunestyrekomité og dei har hatt tre til fire møter.

Medlem kommunestyre og kommunestyrekomite

- Ordførar Eva Vinje Aurdal
- Formannskapet: Eva Vinje Aurdal (ordførar), Svein-Rune Johannessen, Geir Ove Leite (1. vara i koalisjonen og møtte ca. 50 %)
- Helse og omsorg - Siv Katrin Ulla (komiteleiar), Ove Økland, Svein Rune Johannessen, Sigmund Haugen, Henriette Bryn
- Oppvekst - Anne Berit Støyva Emblem (komiteleiar), Njål Bele, Emil Korsnes
- Kultur og medborgarskap - Daniel Pour Asgarian, Sagvan Fahti, Torill Leganger, Nora Morken Farstad
- Teknisk, miljø og samferdsel – Geir Ove Leite, Sindre Nakken, Tove Nygård
- Planutval - Sindre Nakken, Tove Nygård, Henriette Bryn (1. vara på felles varaliste i koalisjonen og Høgre og har vore innkalt til alle møte)

I tillegg har Bjørn Kåre Høistad, Fridgeir Walderhaug, Thor Hansen (uavhengig frå 27.10.22) Inger Lise Andreassen, Kristina Mari Tubbene Roald, Siv Kathrin Alnes, Arne Abelseth, Jack Narve Sæther og Jørgen Ove Hamnsund møtt som vara i kommunestyret.

Andre kommunale verv som gruppemedlemmar el. andre partimedlemmar sit i:

- Koordineringsnemnd politisk leiargruppe: Eva Vinje Aurdal (leiar), Siv Katrin Ulla, Anne Berit Støyva Emblem, (komiteleiarar)
- Ålesund Kommunale Eiendom KF (ÅKE): Henriette Bryn (styreleiar)
- Ålesundregionens Havnevesen (ÅRH): Sindre Nakken (styreleiar), Nora Morken Farstad (havnerådet)
- 110-sentralen KF: Torill Leganger (styreleiar)
- Brann og redning KF: Tove Nygård, Njål Bele
- Eigarskapsutvalet: Eva Vinje Aurdal og Anne Berit Støyva Emblem
- Partsamansett utval: Eva Vinje Aurdal (leiar)
- Kontrollutvalet: Terri Ann Senior (nestleiar)
- Klagenemnda: Torill Leganger (leiar), Bjørn Kåre Høistad, Emil Korsnes

- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Thor Hansen (leiar, utmeld frå Ap)
- Kommuneutval Haram: Siv Ulla (leiar) og Emil Korsnes
- Kommuneutval Ålesund: Anne Berit Støyva Emblem (leiar) Sindre Nakken, Geir Ove Leite

Kommunedelsutvala – faste representantar:

- Hessa, Skarbøvik og Aspøy: Anne Berte Hareide
- Nørvøy, Nørvasund og Hatlane: Laurits Funch (leiar) og Nora Morken Farstad
- Spjelkavik, Åse og Lerstad: Fridgeir Walderhaug
- Indre Borgund: Ivar Østrem (utmeld frå Arbeiderpartiet)
- Ellingsøy: Jack Narve Sæther (nestleiar)
- Skodje: Tove Nygård
- Ørskog: Arne Abelsest (nestleiar)
- Sandøy og Fjørtoft: Roy Andre Haugen
- Brattvåg, Hildre og Søvik: Øyvind Skjelten
- Vatne og Tennfjord: Elin-Grete Vatnehol
- Nordøyane: Bjørn Kåre Høistad, Inger-Lise Andreassen

Overgang mellom to kommunar

Kommunedelinga tråtte formelt i kraft frå 1.1.2024, derfor sat ordførar Eva Vinje Aurdal og kommunestyre Ålesund 2019 heilt fram til årsskiftet. Samtidig vart dei nye kommunestyra Ålesund 2024 og Haram 2024 konstituerte 26. oktober 2023, og hadde tre møter i 2023. Ålesund hadde dermed to kommunestyre i november og desember 2023. For komande valperiode har Ålesund Arbeiderparti 7 av 47 representantar i kommunestyret, og 2 av 13 representantar i formannskapet. Anne Berit Støyva Emblem overtek som gruppeleiar for Arbeiderpartiet i komande periode.

På vegne av kommunestyregruppa vil underteikna takke for fire krevjande, men interessante år.

Skodje, 02.02.2024

Geir Ove Leite (gruppeleiar)